

# Årsmelding for Steinkjer Nei til EU 2019 – 2021

## **Styret har bestått av:**

Leiar: Astrid Hoem, vald for eitt år  
Styremedlem: Knut Finserås, vald for to år  
Styremedlem: Per Steinar Gravås, vald for to år  
Styremedlem: Anne Margrethe Skjeflo, vald for eitt år  
Styremedlem: Børre Selen, vald for to år.  
Vara: Anne Hulbækdal, vald for eitt år.

Kasserar måtte hentast utanom: Odd Bjarne Trebostad

Revisor: Kåre Elnan

Valkomite: Morten Kluken, vald for eitt år og Torgeir Daling, vald for to år.

Sidan årsmøtet 29. mars i 2019 der ACER var tema og Peter Ørebech held foredrag, hadde vi 28. mai eit ope møte På Steinkjer vgs om Hjelmengutvalet si innstilling. Morten Harper held foredrag om korleis denne innstillinga kan kome til å gripe inn i lokalpolitikken og korleis det vil påverke kvarldagen vår. Elles har det vore eitt styremøte.

Det vart noko ugreie med økonomien i laget då vi brukte ein del på møtene, som leige av møtelokale, bevertning, reiseutgifter og annonsering. Utlegga lokallaget hadde med å arrangere møtene, vart etter ei tid dekka av fylkeslaget då det ikkje hadde særleg aktivitet.

Astrid Hoem vart på eit ekstraordinært årsmøte i fylkeslaget valt inn i styret og har fungert som sekretær fram til årsmøtet 20.02. 21. Olav Olsen og Astrid Hoem vart valt som utsendingar til det digitale landsmøtet 6. og 7. november i 2020.

Det har i perioden også vore ein del kontakt mellom lokallaga i Nord-Trøndelag, for det meste mellom Steinkjer, Verdal og Levanger.

**P.g.a. pandemi og nedstenging, vart det ikkje kalla inn til årsmøte i 2020.**

Medlemstalet per dato er 129 (7 færre samanlikna med førre årsmøte)

Astrid Hoem

Knut Finserås

Per Steinar Gravås

Anne Margrethe Skjeflo

Børre Selen